

Problematisert Seksualitet

Kvinner vurderer framleis «one night stands» som umoralske.

PUBLISERT 1. juni 2006

Dette kjem fram i ein intervjubasert studie gjennomført av ei gruppe forskarar ved Universitetet i Sheffield.

Dei fann at sjølv om deltakarane ikkje fordømte kvinner som hadde «one night stands» (nokre hadde òg gjort det sjølv), meinte dei likevel at slike lause forhold var umoralske.

Informantane fortalte at dei hadde sex fordi dei hadde glede av det og for å stetta eit biologisk behov, men at dette bare gjaldt så lenge dei var i eit fast forhold. Dei argumenterte for at kvinner som hadde tilfeldig sex, gjorde det fordi dei hadde mista kontrollen etter inntak av rusmiddel, eller fordi dei «sakna noko» i liva sine, og ikkje fordi dei var seksuelt frigjorte.

Ifølgje BPS Media Centre reflekterer funna meiningsane til eit lite utval kvinner, men forskarane understrekar at dei viser korleis kvinner si seksuelle åtferd blir problematisert.

Teksten sto på trykk første gang i Tidsskrift for Norsk psykologforening, Vol 43, nummer 6, 2006, side